
Saknr: 2020/44275-24
Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksgang

Utval	Utv.saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet		

Tilleggsbestilling - Selskapskontroll av Ferde AS

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune sluttar seg til at Kontroll - og kvalitetsutvalget i Rogaland fylkeskommune ber Rogaland Revisjon IKS gjennomføre «Tilleggsbestilling - Selskapskontroll av Ferde AS», med utgangspunkt i forslag til prosjektplan.
2. Kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune vil vera med på å dele kostnadene for selskapskontrollen.
3. Det vert akseptert ein samla timeressurs på inntil det timetal som ligg i forslag til prosjektplan, 250 timar.
4. Eventuelle justeringar i problemstillingane skal godkjennast av kontrollutvalet gjennom sekretariatet.
5. Kontrollutvalet kjem tilbake til eventuell bestilling av presentasjon av revisjonsrapporten for kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune og og/eller Vestland fylkesting.
6. Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapport er klar frå Rogaland Revisjon IKS si side seinast innan 26.08.2020, ferdig verifisert og med selskapet, eigarrepresentant og fylkesrådmannen sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd.

Samandrag

Føremålet med denne saka er at kontrollutvalet skal ta stilling til kven som skal gjennomføre tilleggsbestillinga med utgangspunkt i forslag til prosjektplan frå Rogaland Revisjon IKS om «Tilleggsbestilling - Selskapskontroll av Ferde AS».

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Roald Breistein
seniorrådjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 RR - Mandat Selskapskontroll Ferde AS - Tilleggsbestilling
- 2 Saksprotokoll KU i Rogaland fylkeskommune - tilleggsbestilling Ferde AS
- 3 Vedtak - Kontrollutvalet i Agder fylkeskommune 03.03.20
- 4 Vedtak - , 03042020, Sak 17-20, Prosjektplan tilleggsbestilling Ferde AS

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I samband med møte i kontrollutvalet 13.02.2020 vart dette protokollert i sak PS 16/20:

«Handsaming i møte

I samband med handsaming av sak PS 1/20 «Selskapskontroll av Ferde AS - Revisjonsrapport» i møte i kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune 13.02.2020 vart det semje om å få gjennomført ei tilleggsbestilling som skal omfatte desse to punkta:

- Gjennomgang av transaksjoner mellom nærstående
- Gjennomgang av transaksjoner gjort i samband med forhandlingane ved etableringa av Ferde, t.d. faktura for utviklingstenester mv. for Sesam Sesam

Det vart også semje om å ikkje bruke Deloitte eller revisjonsselskap som har vore involvert i prosessen med etablering av Ferde AS til dette arbeidet. Rogaland revisjon, som er Rogaland fylkeskommune sin revisor, kan vera ein aktuell aktør å spørje.

Kontrollutvalet ønskjer vidare primært at tilleggsbestillinga skal gjennomførast i samarbeid med kontrollutvala i både Rogaland fylkeskommune og Agder fylkeskommune.

Det er ei målsetting å legge fram forslag til prosjektplan for dette arbeidet i neste møte i kontrollutvalet.

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet ber om at det vert gjennomført tilleggsbestilling til selskapskontroll av Ferde AS i tråd med det som går fram over.
2. Kontrollutvalet ønskjer ikkje å bruke Deloitte eller andre revisjonsselskap som har vore involvert i prosessen med etablering av Ferde AS til dette arbeidet. Rogaland revisjon kan vera ein aktuell aktør å spørje.
3. Revisor vert beden om å levere forslag til prosjektplan i tråd med dei føringar utvalet har gjeve, inkl. føremål, problemstillingar, ev. avgrensingar og ressursbruk.
4. Det er ei målsetting at forslag til prosjektplan skal godkjennes i neste møte i kontrollutvalet.
5. Det er primært ønskjeleg at tilleggsbestillinga vert gjennomført i samarbeid med kontrollutvala i både Rogaland fylkeskommune og Agder fylkeskommune.»

Handsaming i kontrollutvalet i Rogaland fylkeskommune:

Sekretariatet er gjort kjent at med kvalitets- og kontrollutvalget i Rogaland fylkeskommune i møte 20.02.20 gjorde omtrent likelydande vedtak som kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune, jf. vedlegg 1.

Handsaming i kontrollutvalet i Agder fylkeskommune:

Vidare har kontrollutvalet i Agder fylkeskommune gjort slikt vedtak i møte 03.03.2020, om invitasjonen, jf. vedlegg 3.:

«Kontrollutvalget ønsker å få presentert prosjektplanen i neste møte og vil ta stilling til saken da.»

Kontrollutvalet i Agder fylkeskommune handsama saka på nytt i møte 03.04.2020 det vart gjort slikt vedtak, jf. vedlegg 4.:

«Saken tas til orientering og kontrollutvalget i Agder blir ikke med på tilleggsbestillingen.»

Innspel frå representant i fylkestinget i Vestland fylkeskommune 03.03.2020

I samband med handsaming av revisjonsrapport om selskapskontroll av Ferde AS i fylkestinget 03.03.2020 oppmoda leier i kontrollutvalet fylkestingsrepresentantane om å komme med innspel til denne tilleggsbestillinga. På bakgrunn av dette har sekretariatet motteke dette innspellet frå representanten Morten Klementsens, FNB Vestland:

«Undertegnede vil oppfordre kontrollutvalget om å fokusere på hvem konkret i Fylket som gjorde forhandlinger med BTS. Denne prosessen bør gjennomgås ettertrykkelig for å se om det var føringer eller andre uheldige disposisjoner i kjøpsforhandlingene.»

Vedtakskompetanse

Det er kontrollutvalet som har ansvar for å gjennomføre slike revisjoner. Det er likevel fylkestinget som har avgjersmynde i saka, etter innstilling frå kontrollutvalet, når revisjonsrapport ligg føre, jf. kommunelova § 23-5.

Vurderingar og verknader

Vi har motteke forslag til prosjektplan for «Tilleggsbestilling - Selskapskontroll av Ferde AS» i tråd med vedtaket over, vedlegg 2.

Av forslag til prosjektplan går det fram at føremålet med selskapskontrollen vil vera:

«Formålet med prosjektet er å evaluere transaksjoner gjort i anledning etableringen av Ferde som et regionalt bomselskap og transaksjoner mellom Ferde/dets datterselskap og deres nærstående.»

Med bakgrunn i prosjektet sitt føremål har revisjonen formulert følgjande problemstillingar:

1. *Ble transaksjoner i anledning etablering av Ferde som et regionalt bomselskap gjennomført i samsvar med gjeldende regelverk og i samsvar med eiernes føringer? Herunder vurderes:*
 - *Fusjoner/fisjoner til grunn for etableringen av det regionale bomselskapet*
 - *Ervervet av BT Signaal AS og tilhørende transaksjoner inkludert det omtvistede, fremforhandlede sluttoppgjøret og faktura for utviklingstjenester for Sesam Sesam*
 - *Innfusjoneringen av regionale bomselskap*
2. *Ble Ferde og dets datterselskaps nærståendetransaksjoner gjennomført i samsvar med gjeldende regelverk? Herunder*
 - *Ble transaksjonene inngått på forretningsmessige vilkår?*
 - *Ble aksjelovens krav til skriftlighet og godkjenningprosedyre fulgt?*
 - *Ble det gitt dekkende opplysninger om transaksjonene i regnskapene?*

Sekretariatet har merka seg at det øverst på side 4 i prosjektplanen står dette:

«Dersom datamaterialet tilsier det, kan revisor foreta mindre justeringer av problemstillingene underveis. Større endringer i problemstillingene må avklares med kontrollutvalgene.»

Sekretariatet er av den oppfatning at det er kontrollutvalet som skal vera i førarsetet når det gjeld kva problemstillingane skal innehalde. Difor er vi av den oppfatning at **alle** eventuelle justeringar i problemstillingane skal godkjennast av kontrollutvalet gjennom sekretariatet.

Vidare har vi merka oss at det ikkje går fram av prosjektplanen om det er tenkt at revisjonsrapport skal sendast på høyring og uttale. Vi antar likevel at revisjonsrapporten vert send på høyring og uttale til Vestland fylkeskommune sin eigarrepresentant, selskapet og fylkesrådmannen i Vestland fylkeskommune før rapporten vert send kontrollutvalet.

Avlysing av møte i kontrollutvalet 16.03.2020:

Denne saka var sett opp til handsaming i møte i kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune 16.03.2020. Som kjent vart dette møtet avlyst grunna situasjonen med korona-virus. På bakgrunn av dette, og i samråd med leiar i kontrollutvalet, var det likevel ønskjeleg med framdrift i sak «Tilleggsbestilling - Selskapskontroll av Ferde AS - Forslag til prosjektplan». Sekretariatet sende difor e-post til dei faste medlemmene i kontrollutvalet 12.03.2020 med forslag til framdriftsplan for vidare arbeid med saka. Når alle i utvalet hadde stadfesta at dei var samde i framdriftsplanen sende sekretariatet ut ny e-post 19.03.2020 med spørsmål om innspel til forslag til prosjektplan. Alle i utvalet har stadfesta tilbake at dei var samde i forslag til prosjektplan.

Kven bør vera formell bestillar:

Ein del av vurderinga som er gjort etter at forslag til prosjektplan vart motteke er kven det er som formelt bør vera bestillar av denne saka for å unngå at det i ettertid vert stilt spørsmål ved om bestillinga er i tråd med lov om offentlege anskaffingar. I sak 17/20 Prosjektplan tilleggsbestilling Ferde AS til møte i kontrollutvalet i Agder fylkeskommune 03.04.2020 er dette problematisert over fleire sider.

Rogaland Revisjon IKS er Rogaland fylkeskommune sin valde revisor. På bakgrunn av dette er sekretariat for kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune, i samråd med kontrollsjef i Rogaland fylkeskommune, kome fram til at bestillinga bør komme frå kontroll- og kvalitetsutvalget i Rogaland fylkeskommune. Vidare er det naturleg at kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune og kontrollutvalet i Agder fylkeskommune, som representerer dei to andre eigarane i Ferde AS, vert invitert til å vera med å dekke kostnadane for revisjonen. Kontrollutvalet i Agder fylkeskommune har som det går fram over vedteke at dei ikkje ønskjer å vera med på tilleggsbestillinga. Om det no er Vestland fylkeskommune og Rogaland fylkeskommune som går saman om denne revisjonen også, så har begge fylkeskommunane sine revisorar bidrege med kvar sine realytingar. Dette gjennom at Vestland fylkeskommune gjennomførte denne selskapskontrollen, medan Rogaland fylkeskommune sin revisor gjennomfører tilleggsbestillinga.

I vurderinga over er det også teke omsyn til at Vestland fylkeskommune sin valde leverandør av revisjonstenester, Deloitte, utførte selskapskontrollen av Ferde AS. Kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune ønskte ikkje å nytte dei til tilleggsbestillinga. Dette avdi det frå fleire hald vart stilt spørsmål ved deira habilitet når dei gjennomførte selskapskontrollen samstundes som dei er den valde rekneskapsrevisor for Ferde AS. Agder kommunerevisjon er den valde revisor for Agder fylkeskommune så dei kunne ha gjennomført selskapskontrollen for kontrollutvalet i Agder. Etter det vi har forstått har dei ikkje kapasitet til å gjennomføre dette arbeidet. Det er difor heilt naturleg at Rogaland revisjon IKS, som Rogaland fylkeskommune sin valde revisor, vert beden om å gjennomføre dette arbeidet. Dei vil framstå som både uavhengige og med naudsynt kompetanse og kapasitet til å gjennomføre arbeidet.

Selskapskontroll/forvaltningsrevisjon med fleire eigarar:

I kontrollutvalsboka kapittel 8 står det m.a. dette om gjennomføring av kontroll i selskap med delt eigarskap mellom fleire kommunar:

«Dersom selskapet som skal kontrollerast er eigd av fleire kommunar, vil det vere føremålstenleg at kontrollutvala i eigarkommunane samordnar kontrollen for å unngå unødig belastning for selskapet. Dette vil også medverke til å effektivisere ressursbruken i kontrollutvala. I slike tilfelle må kontrollutvala i dei respektive kommunane bli samde om mellom anna:

- *Kva oppdragstakar skal gjennomføre kontrollen?*
- *Kva skal kontrollen omfatte og korleis skal kontrollen gjennomførast (prosjektplan/bestilling)?*
- *Korleis skal kostnadene fordelast mellom kontrollutvala?*
- *Korleis skal selskapskontrollen rapporterast og følgjast opp?*

I mange tilfelle vil det vere kontrollutvalet i den kommunen med størst eigardel som får eit overordna ansvar for samordning. Kostnadene blir ofte fordelte etter storleiken på eigardelen til den einskilde kommunen. Det er ikkje naudsynt at alle eigarkommunane er med for å kunne gjennomføre ein selskapskontroll.»

Av dette ser vi at Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD), som har gjeve ut kontrollutvalsboka, oppmoder til å samarbeide om revisjon av selskap som er eigd av fleire kommunar, for å unngå unødig belastning på selskapet og for å effektivisere ressursbruken. Dersom ein i slike tilfelle skal måtte konkurranseutsette revisjonen vil det vera med på å gjere prosjekta totalt sett monaleg dyrare. Vidare trur vi det vil føre til at kommunar og fylkeskommunar vil vegre seg for å inngå samarbeid om slike prosjekt og heller ta belastninga på eiga hand. Dette kan igjen føre til at fleire eigarkommunar vil gjennomføre kontroll i same selskap og dermed påføre selskapet unødig belastning. Dette har openbart ikkje vore intensjonen bak det som går fram av kontrollutvalsboka.

Kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune og sekretariatet er begge medlem av Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT). Sekretariatet vil på bakgrunn av denne saka ta problemstillinga opp med FKT med tanke på å få KMD til å komme med ei avklaring på korleis ein skal handtere slike saker i framtida.

Konklusjon

Sekretariatet meiner at prosjektplanen er godt gjennomarbeidd og i tråd med dei føringar som ligg i bestillinga frå kontrollutvalet. Føremål og problemstillingar synest også å vera i tråd med dette. Når det gjeld timetalet vil sekretariatet tilrå at det vert godkjend inntil det timetal som går fram av prosjektplanen, 250 timar. Det vert likevel vist til det som går fram av saksutgreiinga over når det gjeld godkjenning av eventuelle justeringar i problemstillingane og det som går på høyring og uttale på revisjonsrapporten. Det vert også tilrådd at kontrollutvalet går inn for at det er kvalitets- og kontrollutvalget i Rogaland fylkeskommune som er bestillar av revisjonen og at kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune vert med på å dele kostnadene.

Vidare vert det tilrådd at ein kjem tilbake til eventuell bestilling av presentasjon av revisjonsrapporten for kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune og og/eller Vestland fylkesting.